



Denne leikeplassen skal verta ferdig i 2018.

På årsmøtet 25.10. vart Andreas Varberg vald til styreleiar i Korsnes Vel. Med seg i styret har han Kurt M. Haugland(kasserar), Silje Øye(skrivar), Oddmund Soldal og Marian Hauso. Dei to sistnemnde utgjer også dugnadsnemnda. Vidar Koløy og Jan Berntsen er i valnemnda.

Siste året er arbeidet med ny leikeplass i indre delen av feltet kome godt i gang. Til dette har Korsnes Vel også mottatt støtte frå Kvinnherad Energi AS på 10.000 kroner. Br. Musland Maskin AS har vore leigt inn til maskinarbeid der, og elles har arbeid vore gjort på dugnad. Planen er at leikeplassen skal ferdigstillast i 2018.

Av andre planer for det komande året er rydding av stranda og tilkomsten til den. Ballbingen skal vedlikehaldast, og det inkluderer rydding og slått av området rundt. Det er planar om rydding før 17.mai, og forreininga vil ta initiativ til sommarfest for medlemmene.

Eit viktig vedtak var det at leiar Andreas Varberg fekk fullmakt til å registrera forreininga i Brønnøysund, i frivillighetsregisteret. Varberg gjer førebuingar med dokumenta som må signerast av heile styret. Registrering i Brønnøysund er viktig, for det gjer det mogeleg for Korsnes Vel å søkja midlar frå fleire gode støtteordningar til prosjekta sine.

Tekst, arkovfoto og nett: Thor Inge Døssland